



Notat

Dato: 24.04.2018
Arkivsak: 2018/10532-1
Saksbehandlar: hilruns

Til: Utval for opplæring og helse
Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Manger folkehøgskule

Manger folkehøgskule har hatt jubileum og feira 140 år i 2017 og 100 år med Manger som fast skulestad i 2018. Fylkesrådmannen gir i denne samanhengen eit kort tilbakeblikk på historia og eit innblikk i kva skulen står for i dag.

Historia

Skulen kom i gang som Nordhordland amtsskule i 1877, og frå 1920 fekk skulen namnet Nordhordland fylkesskule. Bergenhus amt vart i 1763 delt opp i Nordre Bergenhus Amt (seinare Sogn og Fjordane fylke) og Søndre Bergenhus Amt. Frå 1. januar 1919 vart Søndre Bergenhus amt eit fylke, Hordaland fylke. Tida som amtsskule var prega av 40 år på flyttefot. Det var utfordringar med høvelege lokale, og elevane fekk bu rundt omkring i bygda der skulen var. Skulen var 6-7 år på kvar plass, og det veksla år om anna mellom «pigekurs» og kurs for gutar. Kravet om husstelloplæring for jentene gjorde sitt til at det vart vanskeleg med flytting, og krav til hus og utstyr auka med åra. I 1918 vart Manger fast skulestad med tidhøvelege bygg. Frå 1981 har skulen hatt namnet Manger folkehøgskule.

Verksemda

Manger folkehøgskule er ein frilynt folkehøgskole som er eigd av Hordaland fylkeskommune. Skulen ligg i Radøy kommune i Hordaland. Internatkapasiteten er på 56 elevar, ein av dei minste folkehøgskulane i landet.

Skulen vert driven i tråd med Lov om folkehøgskulen med føresegner. Viktige vilkår er at skulen er eksamensfri, og at internat er ein integrert del av læringsprogrammet. I Folkehøgskuleloven § 1 kan vi lese at føremålet med folkehøgskular er å fremje ålmenndanning og folkeopplysing. Styret for skulen har 5 medlemmer. Tre av desse er utnemnde av fylkesrådmannen, ein frå opplæringsavdelinga, ein frå kulturavdelinga og ein frå lokalmiljøet. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette og ein representant frå elevane.

Skulen rapporterer om drifta til departementet, og det vert kvart år utarbeidd ein sjølvevalueringsrapport som vert sendt til Utdanningsdirektoratet. Rekneskap vert sendt til fylkesmannen innan 1. juni. Tilbodet er finansiert av Kunnskapsdepartementet, elevbetaling, tilskot frå NAV og tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Skulen har gode resultat, god økonomistyring og godt vedlikehald av bygningar.

Skulen har trong for nytt undervisningsbygg med moderne konsertsal og studio.

Skulen har 60 elevar og fem linjer skuleåret 2017/18:

- Brassband,
- Band
- Vokal
- Musikkproduksjon
- Musikk, Bu og Fritid

Søknaden for skuleåret 2018/2019 er bra, og det ser ut til at skulen vil få mellom 55 og 60 elevar også neste skuleår. Den nye linja ved skulen, Musikk Bu og Fritid, har hatt sterkt aukande søknadstal, og også for skuleåret 2018/2019 er linja fullteikna allereie i februar. Det har vore venteliste på denne linja kvart år. Dette nye tilbodet har også hatt positiv verknad på skulemiljøet, og elevane på denne linja får eit svært godt fagleg tilbod.

Det er 20 årsverk ved skulen, fordelt på 27 tilsette, 19 kvinner og 8 menn. Skulen har 4 tilsette med innvandrarbakgrunn. Om lag halvparten av dei tilsette (14 stk.) er tilsette i deltidstillingar; dei fleste av desse friviljug deltid. Fleire tilsette arbeider i kulturskular o.a. og/eller driv enkeltmannsføretak, i tillegg til stillinga ved Manger folkehøgskule. Personalet har svært høg kompetanse, arbeidsmiljøet er godt, og skulen har ein sterk fagleg profil.

Ringverknader

Hordaland har fleire av dei beste korpsa i Norge, både for barn og vaksne, og Nordhordland skil seg ut som den sterkaste korpsregionen i fylket. Resultata frå elitedivisjonen under NM i brass for 2017 viser at fem av dei ti beste korpsa er frå Hordaland, og tre av dei fire beste er frå Nordhordland. I dei vidare divisjonane ser vi at korpsa frå Hordaland markerer seg sterkt, både når det gjeld brass og janitsjar.

Læring for livet

Manger folkehøgskule er eit miljø der gode ideal og førebilete står i sentrum, der band mellom opplæring og kultur vert styrka. Skulen har blitt til eit heilt sentralt kompetansesenter, ikkje berre for regionen, men for Norge.

Manger folkehøgskule står fram som ein moderne skule med eit spanande undervisningstilbod av høg kvalitet, ein skule som møter behov hos ungdom, utviklar talent og byggjer opp kompetanse det er bruk for i framtida, både fagleg og sosialt, under kyndig rettleiing av dyktige og engasjerte lærarar som dekkjer eit breitt fagområde.

Folkehøgskule handlar ikkje berre om det faglege. Det sosiale livet er og ein stor del av året på folkehøgskule. Elevane lærer å samarbeide og løyse problem ved å leve saman med andre. Godt samspel er ein viktig føresetnad i så mange samanhengar, godt samspel mellom eit mangfald av elevar, godt samspel med lokalsamfunnet og med musikkmiljø nasjonalt og med utlandet. Som Manger folkehøgskule sjølv seier det: Etter eit år ved skulen, skal du kunne seie: Eg er eit rikare menneske, eg kan meir, eg veit meir, eg bryr meg om meir.